



Takk for jobben, seier Hans Reidar Kjærland til Olav Hjetland Bringedal

Etter 5 år takkar Olav Hjetland Bringedal for seg som leiar av Uskedalen Bondelag og overlet leiinga til nestleiar Hans Reidar Kjærland, Skiftet skjedde under årsmøtet i kveld og ein av den nye leiingas viktigaste og første oppgåver vert å lage ein framtidsplan for landbruket i bygda. Det er den nye leiaren som har hatt ideen om planen. Bondelaget har i det siste vore sterkt engasjert i arealbruk og arealstrategi.

Korleis ein skal løysa parkeringsproblemet i skuleområdet er eit av problema og her står eigedomen Stølen sentralt.

Etter ein nedgang med 3 det siste året er det 58 medlemmar i laget og 23 av dei er kvinner. Rekneskapen fortel at overskotet på 9000 kroner frå Aktivitetsdagen går til Aktivitetshuset

Årsmøtets føredragshaldar var bonde og rekneskapsfører i Tveit Regnskap Hans Jacob Berge som teikna eit relativt positivt bilete av inntektsutviklinga på Vestlandet. Han hadde tal frå 250 gardar og opplyste om ei inntektsutvikling på 47 000 til 332 000, Det har sin bakgrunn både i godt ver, godt for og god jordbruksavtale, i 2013,

Berge orienterte grundig også om skattespørsmål og kom med fleire tips.

Mellom anna er det eit naturleg spørsmål om ein skal gå av på 62 år eller vente, korleis ein kan få jamn inntekt, og korleis ein kan unngå toppskatt.

Dei som ellers sit i styret er Andreas Kristoffersen, Tor Ove Haugland, Kjetil Fossheim og Runar Myklebust.

Forslaget om ein framtidsplan vart positivt motteke av alle, mellom andre tidlegare ordfører Bjarne Berge. Det skal presenterast både for politikarane og andre og gje konkrete opplysningar om omfang av til dømes buskap og jordvidde.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Inntekt og skatt var temaet for Hans Jacob Berge